

Ny institusjon i Førde – planinitiativ

Mål med planarbeidet

Behovet for nye sjukeheimplassar i Sunnfjord kommune er tydeleg. Statistikk og demografiske prognosar viser at ein aukande del av innbyggjarane vil trenge slike tenester i åra som kjem. Folketalsframskrivingane for Sunnfjord kommune indikerer ein merkbar demografisk endring dei kommande åra og vi får ein signifikant vekst i tal eldre.

Med ei aldrande befolkning følgjer også eit auka behov for helsetenester og omsorg, spesielt relatert til aldersrelaterte tilstandar som demens. Ei ny institusjon vil kunne tilby naudsynte og spesialiserte omsorgstenester som vil kunne møte desse behova.

Sunnfjord kommune har, med bakgrunn i bustadsosial handlingsplan, starta planleggingsprosess for etablering av eit nytt omsorgssenter i Sunnfjord. Det er førebels lagt til grunn at det skal vere demensvennlege institusjonsplassar og det pågår arbeid med å kartlegge behov og innhald i bygget i tillegg til dei 70 institusjonsplassane det er skissert behov for fram mot 2030/40. Det skal og takast omsyn til endringar og behov fram mot 2050.

I KST sak 085/24 vart Førde barneskule valt som tomt for nytt omsorgssenter/ny institusjon i Førde. I formannskapet i sak 068/25 vart det, som ei alternativ løysing, vedteke å få vurdert ei utbygging som tilbygg til eksisterande sjukeheim i Førde, jamfør moglegheitstudien frå 2017.


Desse to alternativa er med i vidare vurdering og begge alternativa vil vere aktuelle for å ivareta eit samla tilbod innan helse og omsorg fram mot 2050. Førde barneskule vil truleg vere det beste alternativet for etablering av ein demensvennleg institusjon med tilhøyrande funksjonar. Tilgjengeleg areal ved eksisterande omsorgssenter vil eigne seg godt til vidareutvikling av det varierte tenestetilbodet som er der i dag med kort- og langtidsplassar samt omsorgsbustader.

For å sikre areal til å vidareutvikle tenestetilbodet fram mot 2050 vil det vere rett å regulere begge desse områda til offentleg tenesteproduksjon innan helse og omsorg.

Status kommuneplanen – arealdel

I kommuneplanen er arealbruken ved Førde barneskule regulert til offentleg eller privat tenesteyting. Ved Førde omsorgssenter er og reguleringsstatus offentleg eller privat tenesteyting.


Figur 1; Kommuneplanen 2024 - 2035



Status reguleringsplan

Eksisterende omsorgssenter er regulert av planar frå 1995 og 2010.
Eigedomen/området til Førde barneskule har ikkje gjeldande reguleringsplan.

Figur 2; Reguleringsplanar



Reguleringsgrense

Figur 3; Framlegg til reguleringsgrense

